

4 pågripne for innbrotet

23.06.2013

Ytterlegare 2 er pågripne for innbrotet på SPAR etterat 2 er arrestert i Oddaområdet same dag. Også desse hadde narkotika med seg. Dei 2 vart pågripne seinare fredag kveld.

Dei køyrde ein bil med falske kjenneteikn og alle 4 er kjenningar av politiet og heimehøyrande i regionen. Den yngste av 3 menn og ei kvinne er 21 år.

Store delar av tjuvgodset er funne men politiet har førebels ikkje oversikt over kva tjuvane fekk med deg. Men dei har brote opp 2 dørar, knust eit vindauge og fått med seg datautstyr. Dei har også vore inne i parkerte bilar på staden